



Sveinung Kvamme

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
03.03.2015	Arthur Kleiveland	14/1418 - 37	

## Budsjett 2015 og økonomiplan 2015 - 18

Kommunestyret i Radøy - 047/2014:

### **Det er gjort følgjande vedtak i saka:**

Kommunestyret prioriterer næringssatsing i driftsbudsjettet, og skule/barnehage, sjukeheimslass og friluftsliv/folkehelse i investeringsbudsjettet.

### **Driftsbudsjettet:**

Kommunestyret jev rådmannen ei tydeleg prioritering av dei endringane me har fatta utover rådmannen sitt budsjettframlegg. Me er klar over at nokre av endringane våre er krevjande, og vil gje støtte til gode prosessar framover. Men, kommunestyret har også valt å skapa ro i størstedelen av kommuneorganisasjonen samstundes som me peikar på kor me vil ha endringar. Så vil me også understreka at det i sum berre er mindre endringar på rådmannen sitt budsjettframlegg.

Kommunestyret gledar seg over at Radøy kommune gjennom lengre tid har drive eit systematisk og godt utviklingsarbeid særleg innan oppvekstsektoren. Me nemner at me har gjenreist skuleeigarrolla ved at kommunestyret har hyppige møter med tilstandsrapport og utviklingsplan, me har vedteke skuleutviklingsplan, og me har hatt den store satsinga på ungdomsretta tiltak. Når Radøy no er kåra til årets barne- og ungdomskommune, så er det ikkje her me skal driva det store utviklingsarbeidet,- her er me i ein driftsfase, der me skal byggja positivt vidare på eit godt grunnlag. Kommunestyret endrar ikkje rådmannen sitt framlegg til budsjett på oppvekstsektoren.

Radøy har gode tenester innan pleie- og omsorgssektoren, men det er press på tenestene. Kommunestyret endrar ikkje på rådmannen sitt budsjettframlegg innanfor pleie og omsorg, med to unntak.

Kommunestyret rettar ei tydeleg prioritering inn mot kommunalsjefområde drift og forvaltning, og elles nokre interkommunale område.

### **Kommunestyret gjer følgjande endringar på driftsbudsjettet andsynes rådmannen sitt framlegg:**

Reduksjon plan – teknisk kr 500.000,-

Kommunestyret meiner det er større leiarressursar på kommunalsjef og leiing plan/teknisk enn naudsynt. I følgje Kostra-samanlikning med Sveio, har Radøy knappe ressursar på plan, men større ressursar på byggesak/forvaltning enn den kommunen (som også har fleire byggesaker enn oss). Me viser også til at dette var tema i pkt 5 i budsjett for 2014.

Kommunestyret reduserer budsjettet på reinhald, og meiner Radøy kan effektivisera reinhaldsprogrammet.

Kommunestyret reduserer NAV-sosial med kr 250.000,- og er uroa over den raske og store auken i sosialstønadutbetalingar, og ønskjer strengare praksis på utbetalingar kombinert med aktiv jobbrettleiing.

Kommunestyret reduserer posten norskopplæring til framandspråklege, og meiner kommunen kan driva dette rimelegare sjølv, eller ved å kjøpa hjå andre kommunar. Kommunestyret seier opp medlemsskapen i interkommunalt byggetilsyn, og meiner at kommunen sjølv kan ta seg av tilsynsoppgåvane. Kommunestyret reduserer innbetalinga til IKT NH med kr 250.000 som eit signal på at ein er sterkt uroa over stor kostnadsauke, som me meiner går lenger enn tidlegare lovnader.

### **Kommunestyret aukar nokre postar i høve rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret forskotterer prioriteringa i trafikksikringsplanen, som vert vedteken våren 2015. Kommunestyret legg vekt på at i ein trond kommuneøkonomi, så vil me prioritera trafikksikringstiltak for skuleborn, og konkretiserer dette til utvida skuleskyssordning. Trafikkmengda på Radøy aukar, og vegane er dels veldig dårlige utan fortau og veglys, så me vil prioritera tryggleik gjennom å gje fleire skuleskyss. Det er lagt inn halvårsverknad frå nytt skuleår.

Kommunestyret vil omprioritera ressursbruken innan kommunalsjef drift/forvaltning, ved at kombinert med nedtrekket på plan/byggesak, så vil me ha på plass ei stilling som nærings- og samfunnsutviklar. Me ber rådmannen følgja opp signala frå Hordaland Fylkeskommune etter næringsmøtet for Manger ved å utarbeida prosjektsøknad for delfinansiering av ei slik stilling. Me har lagt inn 9 månaders verknad, og rekna inn fylkeskommunalt tilskot. Utarbeiding av prosjektsøknad om HNH-midlar (Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland) til Hordaland fylkeskommune må skje i dialog med og etter forankring i formannskapet. Formannskapet vert styringsgruppe for nærings- og samfunnsutviklingsprosjektet.

Kommunestyret aukar kulturmidlane med kr 50.000,-

Kommunestyret aukar anleggmidlane til idrett med kr 50.000,-

Begge er grunngitt med at me er sær takksame for den store frivillige innsatsen laga gjer. Dei frivillige laga i Radøy gjer i større grad enn i mange andre kommunar med betre råd enn Radøy eit stort dugnadsarbeid, som kommmunen kanskje ville tatt større økonomisk ansvar for ved betre kommuneøkonomi.

Kommunestyret aukar løyvinga til Frivilligsentralen med kr 30.000,-.

Frivilligsentralen i Radøy gjer ein framifrå innsats, særleg retta mot dei eldre i kommunen, og dei supplerer det kommunale tilbodet på ein måte som sikrar mange heimebuande ein betre livskvalitet enn dei elles ville hatt.

Kommunestyret aukar støtta til Trusopplæring i Kyrkja med kr 50.000,-.

Kyrkja gjer også eit stort arbeid for barn og unge i Radøy.

Driftsbudsjet			
Drift, oppjusteringar		Drift innsparing	
Satsingsområde	sum	Område	sum
		Teknisk	<b>kr 500 000,00</b>
Auka satsing på skuleskyss	<b>kr 150 000,00</b>	Fond	<b>kr 1 500 000,00</b>
Inndekking av eiendomsskatt	<b>kr 3 000 000,00</b>	Interkommunalt byggetilsyn	<b>kr 280 000,00</b>
Nærings- og samfunnsutviklar	<b>kr 400 000,00</b>	IKT Nordhordland	<b>kr 250 000,00</b>
Kulturmidlar til lag og	<b>kr 50 000,00</b>	Norskundervisning for	<b>kr 400 000,00</b>

organisasjonar		framandspråklege	
Idrettsanlegg	<b>kr 50 000,00</b>	Reinhalde	<b>kr 250 000,00</b>
Frivillighetssentralen	<b>kr 30 000,00</b>	Næringsfondet	<b>kr 400 000,00</b>
Trusopplæring	<b>kr 50 000,00</b>	NAV Sosial	<b>kr 200 000,00</b>
<b>Oppjusteringar</b>	<b>kr 3 730 000,00</b>	<b>Sum innsparinger</b>	<b>kr 3 780 000,00</b>
		<b>Nettoeffekt i driftsbudsjetten (innsparing)</b>	<b>kr 50 000,00</b>

## Investeringar:

Kommunestyret vil nytta investeringsbudsjetten aktivt til å fremja nokre viktige satsingar for barn/unge, folkehelse og nærmiljø.

Kommunestyret meiner at etter å ha seld kommunale bustader dei siste åra, så er det ikkje rett å kjøpa nye no, og stryk denne løyvinga. Kommunestyret ynskjer at rådmannen først reviderer bustadsosial handlingsplan.

Kommunestyret reduserer posten mindre investeringar med kr 700.000,-  
Kommunestyret fjernar utgreiingsposten for ombygging av Velferdsbustader.

Kommunestyret løyver kr 2.000.000,- til nye sjukeheimslassar, og med statleg tilskot på 55% ber me om at det vert bygd minst fire nye sjukeheimslassar, og me meiner desse kan byggjast i området dagstova/kontor for sjukeheimen, og at ein samlokaliserer og effektiviserer dei samla leiarressursane for helsesektoren gjennom ombygginga ved kontoret for heimenesta.

Kommunestyret forskotterer områdeplanen for Bø, og løyver kr 3.000.000,- til å laga veg mellom skulen og fylkesvegen, riva «Bø-huset» og laga p-plass/avleveringsplass for barnehagen her.

Kommunestyret løyver kr 1.000.000,- til betre p-plass/avleveringsområde og uteområde ved Manger skule.

Kommunestyret løyver kr 100.000,- til oppgradering av uteområda ved Radøy ungdomsskule.

Kommunestyret løyver kr 100.000,- til oppgraderingstiltak Bø barnehage.

Det vert lagt til grunn at uteområdet på Austebrygd skule og barnehage bør prioriterast i 2016.  
Ei løysing på dette må vurderast i samband med budsjett for 2016.

Kommunestyret løyver kr 1.000.000,- til at det vert laga ei universelt utforma turløype på Manger etter modell av Brekkeløypa i Knarvik. Dette for å styrkja folkehelsearbeidet. Det vert lagt til grunn 50% medfinansiering gjennom spelemidlar, altså eit prosjekt på 2 mill. til saman. 2015 er friluftslivets år, og Radøy er ein tur- og friluftslivkommune. Kommunestyret løyver kr 200.000,- til til turstiar/friluftslivstiltak. Dette kan til dømes nyttast til oppgradering av turstiar med kloppar og gjerdeklyver, eller eventuelle andre friluftstiltak i tilknytning til turstiar.

Kommunestyret løyver kr 100.000,- til tiltak i Fosnstraumen, kor Radøy og Austrheim nyleg har sett i gang eit prosjekt for auka aktivitet retta mot friluftsliv og dei kulturhistoriske verdiane i området.

Kommunestyret løyver kr 700.000,- til utbygging av digital infrastruktur med fiberbasert breiband.

Kommunestyret sel communal bustadtomt nord for Hordabøheimen.

Investeringsbudsjett, satsingsområde	
område	Sum
Parkeringsstilhøve og uteområde, Manger Skule	<b>kr 1 000 000,0</b>
Nye sjukeheimslassar	<b>kr 2 000 000,0</b>

Turstiar/friluftslivstiltak	<b>kr 200 000,0</b>
Fosnstraumen – steinaldersti og formidlingstiltak	<b>kr 100 000,0</b>
Turveg, lysløype (Manger, "à la Brekkeløypa")	<b>kr 1 000 000,0</b>
Hordabø, uteområde (barnehagen)	<b>kr 100 000,0</b>
Radøy Ungdomsskule, uteområde	<b>kr 100 000,0</b>
Bø, nærmiljøtiltak (veg, p-plass, skule/barnehage)	<b>kr 3 000 000,0</b>
Infrastruktur - breiband	<b>kr 700 000,0</b>
<b>Sum satsingsområde</b>	<b>kr 8 200 000,00</b>

<b>Investeringsbudsjett (innsparing)</b>	
<b>område</b>	<b>Sum</b>
Kommunale bustader	<b>kr 6 000 000,00</b>
Ombygging av oms. til instijsjonsplassar	<b>kr 1 000 000,0</b>
Mindre investeringar	<b>kr 700 000,0</b>
Sal av bustadtomt, Bø	<b>Kr 500 000,00</b>
<b>Sum innsparingar</b>	<b>kr 8 200 000,00</b>

Såleis vert det lagt opp til eit mindreforbruk på 400.000 andsynes rådmannen sitt budsjettframlegg.

#### **Tekstframlegg frå Sp, H, FrP, KrF og V:**

Det vert foretatt ein kritisk gjennomgang av innkjøpsordningane i Radøy kommune, særleg innan kommunalsjefområde drift- og forvaltning. Dette kan gjerne vera i form av forvaltningsrevisjon.

Det vert foretatt ein kritisk gjennomgang av korleis sjukemeldingspraksisen og bruk av eigenmeldingsdagar fungerer. Dette kan gjerne vera i form av ein forvaltningsrevisjon.

Rådmannen vert beden om å ta initiativ med VUS for å drøfta korleis den årlege løysinga gjev størst nytte for både VUS og Radøy.

Utarbeiding av prosjektsøknad om HNH-midlar (Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland) til Hordaland fylkeskommune må skje i samarbeid med og etter forankring i formannskapet. Formannskapet vert styringsgruppe for nærings- og samfunnsutviklingsprosjektet.

Når det gjeld nytt golv i Radøyhallen, vert det lagt til grunn at idrettsfaglege tilrådingar vert vektlagt. Vurdering av om ein skal leggje golvbelegg eller parkett vert lagt fram i politisk sak til formannskapet for avgjersle. Det må også gjerast akustiske vurderingar i prosjektet. Det vert lagt til grunn at skulehelsetenesta vert styrka innanfor rammene i tråd med føringane i statsbudsjettet.

Det vert innført måltal (KPI) for Radøy kommune innanfor følgjande område:

- Budsjettoppnåing
- Medarbeidartrivsel
- Brukartfredsheit
- Sjukefråvær
- Gjennomføringsgrad på investeringsbudsjettet
- Nyetableringar av bedrifter
- Innbyggjartal

Formannskapet drøftar nærmare dei ulike områda og måltala med sikte på at dei vert sett i

verk 2. halvår 2015.

Rådmannen vert beden om å vurdera om investeringar i ENØK-tiltak i kommunale bygg kan bidra til reduserte driftsutgifter til oppvarming.

Rådmannen vert beden om å vurdera å slå saman postar på investeringsbudsjettet i ei anbodsutlysning, fordi større prosjekt fører til større interesse hjå potensielle tilbydarar.

Vidare vert rådmannen beden om å sjå på investeringsbudsjettet i heilskap i heile økonomiplanperioden i budsjettarbeidet hausten 2015 for å meir systematisk kunne bruka ein slik metodikk.

I rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 var det berre overordna tal for kvar sektor. Eit sektorstyrt budsjett fører til manglande innsikt og oversikt for politikarane. Rådmannen vert i all økonomirapportering til formannskap og kommunestyre beden om å nytta eit detaljnivå som minst er på same nivå som det tidlegare budsjetteskjema 1B for drift. Kommunestyret ønskjer eit tett samarbeid om økonomisk utvikling, og ser fram til at nye IKT-system gjer det mogleg med hyppigare økonomirapportar.

*Oversending:*

Rådmannen kjem tilbake med utgreiing av korleis kommunen kan bidra til å realisera nye kunstgrasbaner på Bø og på Manger. Utgreiinga må innehalda drøfting av konsekvensar ved at kommunen eventuelt går inn som medeigar i anlegga tilsvarende eit eventuelt kommunalt investeringstilskot. Eventuelle andre måtar å løysa dette på, slik at kommunen kan nytta investeringsmidlar til føremålet, kan også trekkast inn. Eventuelt kommunalt medeigarskap vil vera ein teknisk måte å løysa dette på, og det vert lagt til grunn at det ikkje vil få konsekvensar for vedlikehaldet av anlegga.

Skytebaneanlegget i Haukåsen skal vurderast med 1 million i investeringstilskot til liks med kunstgrasanlegg på Hordabø og Manger, elles må alle andre liknande tiltak vurderast.

*Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2015-2018 vart samrøystes vedteken med følgjande endring:*

Eigedomsskatten vert ikkje auka i økonomiplan-perioden. Det vert lagt til grunn at utbyte frå BKK vert slik i åra som kjem:

2015: 3.000.000

2016: 4.100.000

2017: 5.000.000

2018: 5.900.000

Med helsing

Arthur Kleiveland

konsulent kultur- og sørvistorget

Andre mottakarar: